

## EKSAMEN I NORSK MUNNLEG – KLASSE 3STA – 14. JUNI 2012

FØREBUINGSTID: 48 TIMAR - ALLE HJELPEMIDDEL

EKSAMENSTID: 30 MINUTT - DEL 1: FOREDRAG OM OPPGJEVE TEMA, INNTIL 12 MINUTT

DEL 2: SAMTALE OM TEMA/ RELEVANTE EMNE I OPPGJEVNE

### LÆREPLANMÅL

Før du tek til på føredraget, leverer du ein grovdisposisjon og kjeldeliste til faglærer og sensor.

Under framføringa kan du nytte dei hjelpemidla du ynskjer.

Framføringa di vert vurdert etter desse punkta:

- Munnleg i form og fri i forhold til manus
- God kontakt med publikum
- Oversyn over stoffet
- Gode kunnskarar om emnet
- God struktur i framstillinga

I samtalen vert det lagt vekt på i kva grad du viser kunnskap og oversyn over relevante emne frå nokre av dei oppgjevne læreplanmåla. Evna til å reflektere over stoffet er og viktig her.

---

### OPPGÅVE 1

#### EMNE: DET MODERNE PROSJEKTET

Tekstar: Roy Andersson: *Härlig er jorden* ( kortfilm,1991), film 1 på utdelt DVD

Per Sivle: «Norsk industri» (dikt, 1896)

Ivar Aasen: «Dei gamle Fjelli» (dikt, )

Gje ei tolking av filmen. Samanlikn deretter filmen med dei to dikta.

Læreplanmål:

- presentere norskfaglege emne med evne til å problematisere det framlagde stoffet (vg 2)
- analysere og vurdere ulike sjangrar i tekstar henta frå TV, film og internett (vg 2)

- vurdere bruken av estetiske verkemiddel i ulike medier (vg 2)
- analysere tekstar i ulike sjangrar for å kunne ta stilling til spørsmåla tekstane tek opp og verdiar dei representerer (vg 2)
- drøfte det moderne prosjektet slik det vert uttrykt i tekstar av sentrale forfattarar frå opplysningstida via realismen til i dag (vg 3)
- gjere greie for den modernistiske tradisjonen i norsk og internasjonal litteratur frå siste halvdel av 1800 – talet til i dag (vg 3)

Per Sivle  
frø  
Skaldemaal  
(1896)

### Norsk Industri.

Det er tidt nok sagt, at Norge  
er et fattigt Land,  
som sit Livsens Tarv maa borge  
fra en fremmed Strand.  
Men ifra en Aalgaards-Vandring  
tør jeg nu, til en Forandring,  
trøstig sige noget sligt  
som at *Norges Land er rigt.*

Elven randt, og Fossen skummed  
vel titusen Aar,  
og den talte, sang og brummed  
— helst naar det var Vaar.  
Men det var saalænge Tingen,  
at dens Stemme skjønte ingen,  
der den trofast Nat og Dag  
røsted Norges Velfærds-Sag.

„Jeg har Kraften — blot du gider  
bruge mig!“ den kvad.  
Og saa kom han da omsider,  
Esben Askelad.  
Og snart surret Hjul og Spoler,  
og der klapred Væverstoler.  
Og saa stod man midt oppi  
Norges unge Industri.

Fosser har vort Norge nok af,  
hele Favnen fuld;  
Sauer har det og en Flok af  
— dermed har vi Uld.  
Og saa gjælder det at stræve  
med at klippe og at væve.  
Hei! saa har det ingen Nød:  
det gir Klæder, det gir Brød!

Hør og se, hvor Ekko vækker  
lydt som Hanegal  
flinke Hænders travle Rækker  
alt fra Dal til Dal.

— Og omsider skal vi male  
Himmel-Ild i vore Dale.  
Lys og kraftig skal den bli,  
Norges unge Industri!

Vel, saa slut med at bejamre  
Norges Magerhed!  
Det har Malm, og vi har Hamre,  
— vi er Lykkens Smed.  
Dermed kan vi seiers-trygge  
vor og Landets Velfærd bygge.  
*Leve det!* og *leve vi!*  
Leve Norges Industri!

# Ivar Aasen: "Dei gamle Fjelli"

1. Dei gamle Fjell i Syningom 1)  
er alltid eins aa sjaa,  
med same gamle Bryningom 2)  
og same Toppom paa.  
I Bygdom byggja Sveinarne,  
og Huset stender laust;  
men dei gamle Merkesteinarne  
dei standa lika traust.

2. Paa Fjellom er det leikande  
aa ganga til og fraa  
og kring um Toppen reikande  
so vidt um Land aa sjaa:  
til Havet kring um Strenderna  
med Skip som Fuglar smaa,  
og til Fjelli kring um Grenderna  
med tusund Bakkar blaa.

3. Der er so mange Hendingar  
i Bygdom komne til;  
me sjaa so mange Vendingar  
alt paa eit litet Bil.  
Dei hava snutt um Vollarne  
og flutt og rudt og bygt;  
men dei gode gamle Kollarne  
dei standa lika trygt.

4. So stod dei gjenom Tiderna,  
vel mange tusund Aar;  
og Graset voks um Liderna,  
og Lauvet kom kvar Vaar;  
og Vinden tok um Topparne  
og Vatnet tok um Fot;  
men dei gilde gamle Kropparne  
dei toko traust i mot.

5. Av Hav kom Sjomann sigande  
og lengtad' etter Land,  
daa saag han Fjelli stigande  
og kjendest ved si Strand.  
Daa kom det Mod i Gutarne,  
som saag sin Fødestad.  
Ja dei gode gamle Nutarne  
dei gjera Huguen glad.

1) i Horisonten

2) Bræmmer, Kanter